Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




# Vekeplan for 1. steg
# veke 48

| | | MÅNDAG 29/11 | TYSDAG 30/11 | ONSDAG 1/12 | TORSDAG 2/12 | FREDAG 3/12 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 09.00<br>10.30 | **Adventssamling**<br>**Matematikk** | **Kroppsøving** | **Samling**<br>**Lesing**<br>**Norsk** | **UTESKULE** | **Fellesøving for 1.-6.steg til førjulskonsert** |
| 3 | 10.45<br>11.30 | **Musikk** | **Musikk** | **Musikk** | | **Musikk** |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | **Norsk** | **Norsk** | **Oppstart av tema Jul** | **Fellesøving for 1.-6.steg til førjulskonsert** | **Faddersamarbeid** |
| 6 | 13.45<br>14.30 | | | | | |



| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **LEKSE TIL TYSDAG:**<br>Ver med å pakk gymbaggen din. Du treng gymsko, handkle, byteklede, såpe i gymbaggen. | **LEKSE TIL ONSDAG:** | **LEKSE TIL TORSDAG:**<br>Ver med å pakke tursekken din. Hugs mat og drikke, sitteunderlag, byteklede og ekstra vottar, sokkar og lue. | **LEKSE TIL FREDAG:**<br>Gjer side 52 i Salto 1A arbeidsbok. Boka skal leverast på fredag til læraren! **Boka skal vera i sekken dei andre dagane.** |

**Vekelekse:**
I løpet av veka skal du lese teksten som ligg i Lesemappa høgt for ein vaksen. Det er lurt å lese fleire gonger i løpet av veka. Du må ha med deg Lesemappa på skulen på torsdag. Då skal me bruke leseteksten på skulen, og du skal få nytt leseark. **Lever Lesemappa til læraren din!**

| **Norsk øveord:** | **Matematikk øveord:** | **English:** |
|---|---|---|
| Vokal<br>Konsonant | | Hello! My name is ….<br>This is my mother / father / brother / sister / grandmother / grandfather / cousin |


Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Bokstavane Gg og Uu, blyantgrep og bokstavhuset |
| Matematikk | Tala 1-10, mengde |
| Engelsk | Me and my family |
| Kroppsøving | Ballspel |
| Tema | I veke 42 – 47 arbeider me med temaet **Meg i verda**. Faga samfunnsfag, musikk, engelsk, norsk, matematikk, kunst og handverk, krle og naturfag er del i temaet. |

## Meldingar



**Jukeverkstad**

Me skal ha juleverkstad torsdag i veke 49, og elevane treng då eit lite syltetøyglass som me kan bruke til å lage lykter. Fint om alle kan ta med eit glas på skulen denne veka, slik at me kan sikre at alle har glass til denne dagen i god tid. Då får me også merka glasa deira med namn.

**Julekonsert**

Måndag 6.desember er det førjulskonsert i Saften klokka 18.00. Fint om alle har på seg svart underdel og kvit overdel på konserten.

**Kroppsøving**

Kroppsøving er som vanleg i Saften. Hugs å ha med gymklede, gymsko og dusjsåpe og handduk. Elevane skal ikkje dusje håret, kun kroppen. Jentene treng hårstrikk til håret slik at håret slepp å bli blautt når dei dusjar. Me møtes utanfor skulen, og går saman ned til bussen klokka 09.00. **Fint om alle kan ha på seg gymklede når dei kjem til skulen denne dagen. Då rekk me endå meir kroppsøving i gymsalen.**

**Uteskule i Holerunane**

Denne veka skal me ha uteskule i Holerunane då det kun er halve dagen med uteskule. I sekken må du ha niste, drikke, **byteklede** (ullsokkar, vottar og ekstra gensar), sitjeunderlag og ein vedkubbe. Ta med grillmat om du ynskjer det. Det er lurt med ull, lue/pannebånd og vottar då me er ute heile dagen og elevane fort blir kalde. Det er fint om elevane har med byteklede i sekken når dei fer heimafrå om morgonen, slik at sekkane er heilt klare. Då treng me ikkje å bruke mykje tid på skulen til å fylle på byteklede frå korgene til elevane.

**Garderobe**

Det er også fint om de foreldre tek ein sjekk av korgene og fyller på med byteklede som passar for den kalde årstida dersom det manglar. Me ser at mange treng ekstra sokkar, bukse, truse og gensarar no når det er vått og byrjar bli kaldt.

Me ynskjer dykk ei fin veke! 😊

Andrea og Mari

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337